Sauda Kommune	100.000	9,09%
<b>Total</b>	<b>1.100.000</b>	<b>100%</b>

### Note 11 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 299 192 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 195 277.

## Note til årsregnskapet 2014

Tilleggsnote til årsregnskapet for Haugaland Vekst i 2014, etter vedtak i styret den 22.4.2015:

.....  
*Før fremleggelse til behandling i representantskapet skal det utarbeides en ekstra note som beskriver bevilgning fra HV regionrådets fond og forbruk av midlene i 2014.*

### **Bevilgninger og disponering av HV rådets fond i 2014.**

Regionrådet gjorde følgende vedtak om bruk av midler fra fondet i 2014:

#### **Sak 03/14: Haugaland og Sunnhordland Politidistriktet – endring av distriktsgrenser i fremtiden**

*Vedtak: HV Regionråd bevilger inntil kr.300.000,- fra HV-regionalutviklingsfond til oppfølging av prosesser knyttet til hensiktsmessig endring av politidistriktet.*

Relatert til sak 03/14 om fremtidig inndeling av politidistrikter har Haugaland Vekst i 2014 bokført kostnader til beslutningsanalyse og andre fremmede tjenester med til sammen kr 50.000,-

#### **Sak 18/14: Samarbeid om felles satsing på velferdsteknologi**

*Vedtak:*

.....  
*3. Prosjektet finansieres ved at det settes av inntil kr. 500.000 i to år til formålet. Inntil kr. 200.000 per år hentes fra HV-regionråds fond. Det overskytende finansieres direkte fra kommunene eller andre relevante finansieringskilder.*

Haugaland Vekst har ikke bokført noen kostnader i forbindelse med Velferdsteknologiprosjektet i 2014. Dette kommer i gang fra 2015 og det forutsettes da at de to årene i vedtaket vil være 2015 og 2016.

På grunn av overskudd i driften (ref. resultatregnskapet) er det ikke hentet ut noen overføringer fra fondet i 2014.

Haugesund 5. juni 2015

# Årsberetning 2014

## Årsberetning 2014 Haugaland Vekst IKS

### **Virksomhetens art og hvor den drives**

Selskapets formål er å drive næringsutviklingsarbeid og regionalutviklingsarbeid på vegne av deltakerkommunene, dvs. næringsservice, prosjekt- og planarbeid tilknyttet næringsutvikling, profilering, næringssekretariat og lignende. Selskapet utfører sine oppgaver i henhold til avtale med den enkelte deltakerkommune. For nærmere beskrivelse av selskapets drift henvises til årsmelding for 2014.

Haugaland Vekst har sitt forretningskontor i Haugesund.

### **Utvikling i sentrale nøkkeltall**

Total omsetning ble i 2014 ca 15,7 mill, noe som er en vesentlig økning fra året før på grunn av nye deltagere som har medført et utvidet driftsgrunnlag for selskapet. Resultatregnskapet er gjort opp med et overskudd på kr 252.165,- Resultatet skyldes prosjektnintekter. Egenkapitalen ved utløpet av 2014 er på 67,9% av en total kapital på kr MNOK 11,02. Økningen utover resultatet skyldes at selskapet i 2014 er tilført det tidligere "Hauglandsrådets" Fond på MNOK 3,173.

### **Fortsatt drift**

Styret mener at det fremlagte resultatregnskapet, balansen og noter til årsregnskapet gir et rettvisende uttrykk for selskapets økonomiske stilling ved årsskiftet. Forutsetningen om fortsatt drift er til stede, og årsregnskapet for 2014 er satt opp under denne forutsetningen. Styret kjenner ikke til at det etter årsskiftet har inntruffet forhold som vil ha vesentlig innvirkning på det fremlagte årsregnskapet eller konklusjonene under dette avsnittet.

### **Arbeidsmiljø**

I henhold til gjeldende lover og forskrifter fører selskapet oversikt over totalt sykefravær blant selskapets ansatte. Sykefraværet i 2014 har vært ubetydelig, og vi mener det er grunnlag for å si at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel blant kollegaene er godt.

Bedriften har utarbeidet egne rutiner for HMS og internkontroll i henhold til gjeldende regelverk.

### **Ytre miljø**

Selskapets virksomhet forurenser ikke det ytre miljø.

### **Likestilling**

Haugaland Vekst IKS hadde ved utgangen av driftsåret 10 ansatte hvorav 5 kvinner. Selskapet oppfyller lovens krav om kjønnsrepresentasjon i styret.

### **Årsresultat og disponering**

Resultatregnskapet viser et overskudd på kr. 252.165,- Styret foreslår at overskuddet overføres til annen egenkapital.

## (UTKAST TIL)

# Referat frå møte i representantskapet i SIM IKS

Møte: Representantskapsmøte Stad: Fitjar Fjordhotell

Tid: Onsdag 29. april 2015 Møteleiar: Liv Kari Eskeland  
kl. 09.30 - 12.30

**Til stades:****Frå representantskapet:**Austevoll: Renate Møgster KlepsvikBømlo: Odd Harald Hovland, Solfrid Sønstabø Stavland, Jorunn Løklingholm, Sammy Olsen.Fitjar: Lars Ove Rimmereid, Wenche Tislevoll.Kvinnherad: Otto Benjaminson, Monica Lindseth,Stord: Liv Kari Eskeland, Odd Stuve Rommetveit, Harry Herstad, Katrin I. Ankervold.Sveio: Gustav Eidsvåg, Ruth Eriksen.Tysnes: Lorentz Lunde, Magnar Solheim.**Frå styret:**

Reidunn Aasheim, Børge Pedersen, Jostein Grov, Jorunn Skåden, Edvard J. Stangeland, Kjell Egil Hollund.

**Frå dei tilsette:**

Terje Gilje, Janne Hillersøy, Trude Vedå

**Andre:**

Ragnar Pettersen frå RSM Hasner, Kjelstrup &amp; Wiggen AS

**Referent:** Janne Hillersøy.

Leiar i representantskapet, Liv Kari Eskeland, leia møtet og tok opprop. Møtet var vedtaksført. Det kom ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjent.

## SAKLISTE

ALLE VEDTAK VAR SAMRØYSTES.

**Sak 01/15 Val av to til å skriva under protokollen**

Vedtak: Wenche Tislevoll og Harry Herstad, i tillegg til møteleiar.

**Sak 02/15 Orientering om drifta i selskapet**

Dagleg leiar, Terje Gilje, orienterte om drifta i selskapet. Hovudpunkt i presentasjonen var årsmelding, rekneskap, økonomiplan og budsjett, samt ryddeaksjonar 2014 og prøveprosjekt Fitjar.

Styreleiar i SIM, Reidunn Aasheim, orienterte om salet av datterselskapa, SIM Nærings AS og SIM Tankrenovasjon AS, og oppretting av miljøfond.

**Sak 03/15 Årsmelding frå styret**

Vedtak: Representantskapet tek meldinga til orientering.

- Sak 04/15 Årsrekneskap for 2014**  
Vedtak: Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2014.  
Overskotet vert tilført eigenkapitalen i selskapet.
- Sak 05/15 Revisor si melding**  
Vedtak: Representantskapet tek revisjonsmeldinga til vitande.
- Sak 06/15 Godtgjersle til representantskap og styre**  
**Styret sitt framlegg til vedtak:**  
Representantskapet godkjenner godtgjersle til styret på 271 318 kroner.
- Vedtak: Representantskapet godkjenner godtgjersle til styret på 271 318 kroner.  
Representantskapet ønsker ikkje at styregodtgjersla skal vera knytt til løna til dagleg leiar, og ber administrasjonen at ein på neste representantskapsmøte fremjar ei sak der ein vurderer å knyta styregodtgjersla opp mot lønsnivået til stortingsrepresentantar.
- Sak 07/15 Godtgjersle for revisjon**  
Vedtak: Representantskapet godkjenner godtgjersle til revisor på 257 200 kroner.
- Sak 08/15 Økonomiplan for 2016-2019, og budsjett 2016**  
Vedtak: Representantskapet godkjenner økonomiplan for 2016–2019.  
Representantskapet godkjenner budsjettet for 2016  
Styret kan ta opp lån innanfor vedtektenes sine rammer, og kan pantsetja eigedommane til selskapet.
- Sak 09/15 Miljøfond, etter sal av næringsselskapa**  
Representantskapet behandla sak (09/14) om sal av næringsselskapa til SIM og gjorde slikt vedtak:  
*Styret får fullmakt, i samråd med leiar og nestlediar i representantskapet, til å selja aksjane i SIM Næring AS når ein meiner det er rett. Det vert oppretta eit miljøfond i selskapet. Representantskapet ber om at det vert lagt fram retningslinjer for bruk av midlane i fondet.*  
**Styret sitt framlegg til vedtak:**  
*Representantskapet sluttar seg til slike retningslinjer for bruk av SIM sitt miljøfond:*

- Fondet skal nyttast til aktivitetar som vil gje miljøvinst for kommunar, innbyggjarar, institusjonar og verksemder i SIM-området.
- Ein nyttar avkasting av fondet, midlane er plassert i bank.
- Budsjett for bruk av midlane vert lagt fram for representantskapet
- Bruken av midlane skal rapporterast til representantskapet.

Representantane frå Stord kom med framlegg om:

1. Saka vert utsett.
2. Representantskapet ber om at det vert utarbeida eit nytt forslag til retningslinjer som m.a. tek opp i seg følgjande:
  - retningslinene skal ikkje gje føringar for plassering av fondskapitalen, det skal utarbeidast ein eigen plasseringsstrategi for kapitalen
  - bruk av fondet skal avgrensast til avkastinga av fondsmidlane og til kjent avkasting
  - det skal ikkje gjevast opning for at selskapet kan låna av fondsmidlane

Eit samla representantskap kom med sterke signal om at verdien i fondet måtte oppretthaldast, og at midlane vert brukt til det føremål dei er avsette til.

Det vart ein del ordskifte kring punktet om at selskapet ikkje kan låne av fondsmidlane. Representantskapet signaliserte at selskapet må, om naudsynt, kunne låne frå fondet, men at ein ynskte ein diskusjon på kva rentevilkår tilbakebetalinga skal skje etter.

1. Saka vert utsett til neste representantskapsmøte.
2. Representantskapet ber om at det vert utarbeida eit nytt forslag til retningslinjer som m.a. tek opp i seg følgjande:
  - retningslinene skal ikkje gje føringar for plassering av fondskapitalen, det skal utarbeidast ein eigen plasseringsstrategi for kapitalen
  - bruk av fondet skal avgrensast til avkastinga av fondsmidlane og til kjent avkasting
  - det skal som hovudregel ikkje gjevast opning for at selskapet kan låna av fondsmidlane

Vedtak:

**Sak 10/15 Val av styremedlemer og varamedlemer til styret**  
Vedtak:

**Bømlø:**

Styremedlem: Hein Schaug (attval)  
Varamedlem: Inge Reidar Kallevåg (attval)

**Fitjar:**

Styremedlem: Rune Sandvik (attval)  
Varamedlem: Vigdis Røen Leirvik (ny)

**Kvinnherad:**

Styremedlem: Jostein Grov (attval)  
Varamedlem: Ann Helen Ripel (ny)

**Sveio:**

Styremedlem: Jorunn Skåden (attval)  
Varamedlem: Svein Nesse (ny)

**Sak 11/15 Val av leiar og nestleiar til styret**  
Vedtak:  
Reidunn Aasheim vert valt til styreleiar (attval)  
Rune Sandvik vert valt til nestleiar (attval)

**Sak 13/15 Val av revisor**  
Vedtak:  
RSM Hasner Kjelstrup & Wiggen As vert valt som selskapet sin revisor

Referatet er lese og godkjent:

---

Stad/dato

---

Stad/dato

---

Stad/dato

---

Liv Kari Eskeland  
Møteleiar

---

Wenche Tislevoll  
medlem

---

Harry Herstad  
medlem

Fylkesordføreren i Rogaland  
 Ordføreren i Bokn kommune  
 Ordføreren i Etne kommune  
 Ordføreren i Haugesund kommune  
 Ordføreren i Karmøy kommune  
 Ordføreren i Sveio kommune  
 Ordføreren i Tysvær kommune  
 Ordføreren i Vindafjord kommune

Haugesund 12. mai 2015.

## **HAUGALANDSPAKKEN AS – INNKALLING TIL GENERALFORSAMLING.**

Det innkalles herved til ordinær generalforsamling

**Tirsdag 16. juni 2015, kl. 15.00.**

Sted: Statens vegvesen, Kvaløygt. 1, Haugesund.


### **TIL BEHANDLING FORELIGGER:**

1. Årsoppgjør for 2014.  
 Godkjennelse av årsregnskapet og årsberetningen; herunder anvendelse av årsoverskuddet.
2. Fastsettelse av godtgjørelse til styret.  
 Honorar i fjor ble fastsatt til kr. 30.000,- for styreleder, kr. 15.000,- for styremedlemmer og kr. 1.500,- for varamedlemmer per møte.
3. Valg av revisor.
4. Suppleringsvalg:  
 Valg av nytt styremedlem fra Haugesund kommune.  
 Valg av styreleder.

### Vedlegg:

Årsoppgjør, revisjonsberetning og vedtekter.

Med hilsen  
**HAUGALANDSPAKKEN AS**



Stål A. Alfredsen  
 styreleder

## ÅRSBERETNING FOR 2014.

### VIRKSOMHETENS ART OG HVOR DEN DRIVES.

Haugalandspakken AS ble stiftet 9. august 2007 og har som formål å delfinansiere utbyggingen av transportsystemet på Haugalandet slik det framgår av St.prp. nr. 57 (2006-2007) og St.prp. nr. 45 (2007-2008).

Finansieringen skjer ved innkreving av bomavgift gjennom 13 helautomatiske bomstasjoner på Haugalandet. 9 av stasjonene er plassert i Haugesund og Tysvær kommuner og ble satt i drift 1. juli 2008 med unntak av bomstasjonen i Salhusvegen som først ble driftsklar 16. oktober 2008. De 4 siste bomstasjonene plassert i Karmøy kommune, ble satt i drift 2. mars 2009.

Selskapets forretningsadresse er i Haugesund. Aksjekapitalen er på kr. 320.000,-. Aksjonærer er kommunene Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær og Vindafjord samt Rogaland fylkeskommune. Hver med 40 aksjer a kr. 1.000,-.

Innkrevingsperioden er fastsatt til 15 år.

Statens vegvesen har hatt ansvaret for valg, innkjøp og etablering av innkrevingssystemet.

### RETTVISENDE OVERSIKT OVER UTVIKLING OG STILLING.

Haugalandspakken AS er ansvarlig for å administrere bompengeinnkrevingen. Driften er basert på innkjøpte tjenester på forretningmessige vilkår.

Bompengetakstene ble i 2008 fastsatt til kr. 12,- for lette kjøretøy og kr. 24,- for tunge kjøretøy, døgnkontinuerlig innkreving. Takstene ble per 01.04.2014 indeksjustert til kr. 14,- og kr. 28,-.

Totalt er det registrert 39.989.441 passeringer gjennom de 13 bomstasjonene i 2014, tilsvarende 109.560 ÅDT, en nedgang på 1,76 % sammenlignet med året før. Nedgangen har hovedsakelig sammenheng med endret trafikkmonster etter åpningen av T-forbindelsen. Antall passeringer med AutoPASS brikke i forhold til totaltrafikken var i gjennomsnitt på 91,45 % (92,04 % i 2013).

Haugalandspakken AS har per 13.01.2015 avtale med 53.300 kunder(+1.887) inkludert kunder med fremmedbrikke. Totalt er det registrert 83.713 AutoPASS brikker(+ 5.292) i systemet til Haugalandspakken derav 70.742 egne brikker. Lagerbeholdningen av brikker er ved årsskiftet på 4.650, og det er bestilt 5.000 brikker for levering i 1. kvartal 2015. I løpet av 2015 vil det i samråd med driftsoperatør, bli vurdert utskifting av et større antall brikker som følge av alder på batteriet i brikkene.

Vegdirektoratet har besluttet å avvikle AutoPASS-tjenesten som utføres av servicestasjonene. For Haugalandspakken sine kunder opphører tjenesten per 01.03.2015.

Når det gjelder innkrevingsutstyret, har det også i 2014 vært en del driftsutfordringer. Generelt er det registrert flest feil hovedsakelig som følge av utfordrende værforhold. Kamera er skiftet ut på 5 bomstasjoner, laser på 2 og harddisk på 1 bomstasjon. Bomstasjon nr. 12, Vækrossen, var ute av drift en kort periode som følge av direkte lynnedslag som forårsaket store ødeleggelser på bomstasjonsutstyret. For å forbygge mot tapte passeringer som følge av strømbrudd, er batterier på samtlige bomstasjoner skiftet ut. Likeledes noen defekte batteriladere. I senere tid er det også registrert defekte fester for signalllys som i følge leverandør, har sin årsak i ekstremvær.

Haugalandspakken AS inngikk i januar 2014 ny service og vedlikeholdsavtale med leverandør Q-Free AS. Avtalen er fremforhandlet av Vegdirektoratet og det er grunn til å forvente kvalitetsmessig forbedring av servicenivået.

Driftsoperatør besvarte per måned i 2014 i gjennomsnitt 330 (405) kundemailer, 871 (776) kundehenvendelser via sentralsystemet og 1.796 (2.035) telefoner fra kunder. I tillegg har det vært henvendelser per post og telefaks.

Bompengeinntektene i 2014 er på 201,0 mill., en økning 17,7 mill. kr. sammenlignet med 2013. Økningen har sammenheng med indeksjusterte bompengetakster per 01.04.2014.

Innkrevingskostnader er bokført med 17,2 mill. kr., en nedgang på 3,0 mill. kr. sammenlignet med 2013, hovedsakelig som følge av reduserte kostnader etter anbuds runde for driftstjenesten. Administrasjonskostnader(kontorhold, sekretariat, revisjon og regnskapsføring) er bokført med kr. 730.748,-(892.087,-).

Innkrevingskostnadene utgjør 43 øre per passering(49), mens administrasjonskostnadene tilsvarer 1,8 øre per passering(1,9). Kostnadstallene inkluderer 25 % mva. til statskassen.

Selskapet har ved årsskiftet utestående fordringer på 17,1 mill. kr.(15,6). Det vil alltid være en viss kreditrisiko knyttet til slike balanseposter, men det er styrets oppfatning at det ikke knytter seg finansiell risiko til noen av selskapets eiendeler eller gjeldsposter.

Bankinnskudd pr. 31.12.2014 er på 622,4 mill. kr.(608,0). Netto finansposter for 2014 er bokført med 14,1 mill. kr., en økning på 3,4 mill. kr. som følge av bedre innskuddsbetingelser etter anbudskonkurranse samt noe mer penger på bok. Etter anmodning fra styringsgruppen for Haugalandspakken ble det per 1. november 2013 tatt opp et lån på 210 mill. kr. i Kommunalbanken for finansiering/forsering av prosjektene E134 Skjoldavik – Solheim og Fv47 Kvala – Fagerheim. Lånet skal tilbakebetales i sin helhet i 2023 og løper avdragsfritt. Lånerenten er for tiden på 1,73 %.

Statens vegvesen har i 2014 rekvisert 197,5 mill. kr. til prosjekter i Haugalandspakken, jf. vedlagt spesifikasjon. Akkumulert er det rekvisert 747,3 mill.kr. til prosjektene.

Styret har i løpet av året behandlet 48 saker og det er avholdt 4 møter. Blant annet har styret behandlet saker om avvikling av servicestasjoner, rentemargin på bankinnskudd, flere høringer fra sentrale vegmyndigheter, egenvurdering av styrets arbeid og indeksjustering av bompengeretakstene.

Årets resultat er på kr. 5.000,- og overført til annen egenkapital.

## **FORSKNINGS – OG UTVIKLINGSAKTIVITETER.**

Selskapet har for tiden ingen pågående forsknings – og utviklingsaktiviteter.

## **FORTSATT DRIFT.**

Etter styrets oppfatning er forutsetning om fortsatt drift til stede. Årsregnskapet for 2014 er satt opp under denne forutsetning.

## **ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING.**

Selskapet har ingen fast ansatte og således ikke arbeidsgiveransvar. Det er derfor ikke registrert sykefravær eller skader, ei heller er det iverksatt eller planlagt tiltak for å fremme likestilling mellom kjønnene.

Driften er basert på innkjøpte tjenester. BT Signaal AS er driftsoperatør for bomstasjonene. Q-Free ASA er leverandør av sentralsystemet CS Norge samt vegkantutstyret. Lindorff AS og Creno AS utfører inkassotjenesten og EPC innkreving av bompenger for utenlands registrerte kjøretøy. Danske Bank er Haugalandspakken AS sin dagligbank. Regnskapsfører er Tveit Regnskap AS og Halvor Arrestad(Rettedal AS) har ansvaret for sekretariatet.

## **DET YTRE MILJØET.**

Selskapets virksomhet påvirket ikke det ytre miljøet i nevneverdig grad.

## **FRAMTIDIG UTVIKLING.**

Styret vil framover ha fokus på kostnadsbesparende tiltak og kvalitetsoppfølging av innkrevingsutstyret.

Haugesund 5. mars 2015.  
HAUGALANDSPAKKEN AS



Stål A. Alfredsen  
styrets leder



Leif Malvin Knutsen  
nestleder



Vibeke Enerstvedt  
styremedlem



Håvard Førland  
styremedlem



Marit Aga Hustvedt  
styremedlem

# SVEIO KOMMUNE

## Saksframlegg

SAKSGANG		
Utvall	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	16.06.15	14/15
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJON – SPESIAL-PEDAGOGISKE TILTAK – NY FRIST

**Vedlegg:** Rådmannen sitt brev dagsett 15.05.15

### Saksorientering:

Sveio kommunestyre vedtok samråystes i møte 03.11.14, sak 73/14 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» og tek rapporten til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sitt hovudbodskap og tilråding om ei fellesamling.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

*Kommunen sitt arbeid knytt til spesialpedagogiske tiltak er godt. Prosessar fylgjer regelverket i opplæringslova og det er klare indikasjonar på at arbeidet har positiv effekt.*

*Samstundes har vi peika på at brutto driftsutgifter for styrka tilbod til førskoleborn er relativt høgt. Dette bør sjåast i samanheng med kommunen si prioritering av tidleg innsats og spesialpedagogisk ressursteam. I tillegg bør det og sjåast i samanheng med at del elevar med spesialundervisning vert lågare dess høgare alderstrinn – noko som gjer at ein presumpтивt "sparer" kostnader.*

*«Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt» i grunnskolen er rett i overkant av snittet i Kostragruppe 2.*

*Vi rår til at kommunen samlar alle med vedtakskompetanse knytt til spesialpedagogiske tiltak for ei felles erfaringsutveksling og gjennomgang av mellom anna:*

- avgjerslegrunnlag for vedtak,

# SVEIO KOMMUNE

## Saksframlegg

- *samarbeidet med PPT,*
- *kor vidt timar/ressursar bruk til spesialpedagogiske tiltak bør dokumenterast meir detaljert,*
- *grunnlag for ytterligare samarbeid på tvers av skulane ved gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak – vert ressursane nytta best mogleg pr. i dag.*

Rådmannen har i brev av 15.05.15 til kontrollutvalet v/sekretariatet gjeve tilbakemelding om oppfølging. Han skriv:

*«Det er for tida sjukemeldinger i sentrale stillingar på oppvekstområdet. Det er elles ein krevjande situasjon innanfor området. Med bakgrunn i dette er det ikkje mogeleg å følgje opp vedtak innan oppsett frist. Underteikna ber om forståing for dette og vil kome attende med oppføgning og informasjon så snart dette er klart.*

Rådmannen opplyser at han er tilgjengelig for informere i neste kontrollutvalgsmøte.

### Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kontrollutvalsforskriften med merknader, ligg det til kontrollutvalget å sjå til at rådmannen følgjer opp rapportar. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheter i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan melde saka vidare til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saka ikkje er følgd opp på ein tilfredsstillande måte.

Frist for oppfølging blei i denne saka sett til 6 månader. Det er ikkje uvanleg at det også vert sett ein frist på 12 månader. På bakgrunn av situasjonen i oppvekst og hjå rådmannen vil sekretariate tilrå at det vert sett sett ei ny frist for å melde tilbake om tilrådingane er følgd opp og forbetingstiltak sett i verk.

Rapporten blei utarbeida våren 2014 og gjort kjent på hausten. Det vil då vere nærmare 1,5 år til å gjere forbetingar og dra nytte av læring gjennom det interkommunale samarbeidsprosjektet Haugalandsløftet om ny frist vert sett til 31.12.15.

### SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar tilbakemelding frå rådmannen om manglande oppfølging av KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» til orientering.

Ny tilbakemeldingsfrist til kommunestyret via kontrollutvalet vert sett til 31.12.15

Aksdal, 09.06.15

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekreterær



Sveio kommune

Sveio kontrollutval

Haugaland  
Kontrollutvalgssekretariatet IKS  
Mottatt dato: 15.05.15  
Journalført: 15/190 /tha  
Arkivkode: 216

Rådmannen

Dykker ref.: Vår ref.: 2013001026-13/2015005204 Arkiv: N - 213 Dato: 15.05.2015

## OPPFØLGING FORVALTNINGSRAPPORT SPES.PED TILTAK

Vi viser til kommunestyret sitt vedtak i KOM-sak 73/14 november 2014 og oppfølging av forvaltningsrapport. Følgjande vedtak vart gjort:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Spesialpedagogiske tiltak» og tek rapporten til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sitt hovudbodskap og tilråding om ei fellessamling.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Det er for tida sjukemeldingar i sentrale stillinger på oppvekstområdet. Det er elles ein krevjande situasjon innanfor området. Med bakgrunn i dette er det ikkje mogleg å følgje opp vedtak innan oppsett frist. Underteikna ber om forståing for dette og vil kome attende med oppfølging og informasjon så snart dette er klart.

Rådmannen er tilgjengeleg for å informere i neste kontrollutvalsmøte.

Med helsing

Bjarne Aksnes Martinsen  
Rådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	16.06.15	<b>15/15</b>

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

## FORVALTNINGSREVISJON – «SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGAR I SVEIO KOMMUNE» - NY FRAMDRIFTSPLAN

**Vedlegg:** Prosjektplan- «Sakshandsaming,service og haldningar» frå 11.02.15  
 ( to versjonar, med og uten s. 7 som ikkje er off., Offl § 13/Forv. § 13)

### Saksorientering:

I kontrollutvalsmøtet 25.11.14, sak 31/14 bestilte kontrollutvalet ein prosjektplan innanfor temaet sakshandsaming, service og haldninger frå KPMG. Førsteutkast til plan blei oversendt sekretariatet 02.02.15, og lagd fram for kontrollutvalet i møtet 10.02.15, som sak 3/15.

### Føremål og problemstillingar

Revisor foreslo at det skulle sjåast nærmare på sakshandsaming, service og haldningar knytt til førepurnader frå kommunen sine innbyggjarar, kor føremålet med prosjektet er å «*evaluere korleis og i kva grad kommunen sikrar:*

- *eit høgt servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar*
- *effektiv sakshandsaming i tråd med lovkrav*

*Det er og eit føremål at forvaltningsrevisjonen skal gje tilrådingar om forbetingstiltak, dersom det blir identifisert forbettingspunkt.»*

Etter innspel frå kontrollutvalet i møtet vedk. pkt 3 i problemstillingane, blei utvalsleier gjeve fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektmandat. Ved oversending 11.02.15 av justert prosjektplan godkjente utvalsleiar at forvaltningsrevisjonen skulle gje svar på fylgjande problemstillingar:

1. *Kva målsettingar/føringar har kommunen etablert for å sikre ynska servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar?*
2. *I kva grad følgast målsettingane/føringane systematisk opp av leiinga?*

*Herunder til dømes sjå på*

- *om/korleis kommunen arbeider med å bygge gode servicehaldningar*
- *om/korleis kommunen sikrar at tilsette har tilstrekkeleg kunnskap til å ivareta gjeldande lover og reglar for sakshandsaming*
- *om det gjerast målingar av servicenivå.*

*3. Hos sakshandsamarar i kommunen, kva er opplevde utfordringar i forhold til å yte ønska servicenivå ved handsaming av førespurnadar?*

*a. Kor og i kva form ligg det føre utfordringar?*

*b. Kva er eventuelle årsaker til utfordringane?*

*4. I kva grad vert lovpålagte tidsfristar knytt til sakshandsaming etterlevd?*

Avgrensingar

Service og effektiv sakshandsaming famnar vidt og grip inn i mange tenesteområder til ein kommune. KPMG har gjort framlegg om at forvaltningsrevisjonen går inn i einingar med stort volum av innbyggjarkontakt / der sakshandsaming utgjer ein vesentleg del av arbeidet.

Problemstilling 4 er avgrensa til å vurdere handsaming av førespurnader frå innbyggjarar som gjeld enkeltvedtak regulert av forvaltningslova innan sektorane teknisk og oppvekst.

Ressursbruk

KPMG si aktivitets- og framdriftsplan er ikkje offentleg då den syner selskapet si disponering av ressurar. Sekretariatet har teke ut denne sida (s.7) med heimel i Off.love § 13/ Forv. lov § 13. Prosjektet er estimert ein ressursbruk på 200 timer. Timane er innanfor det som kommunestyret har sett av i budsjettet til forvaltningsrevisjon i 2015.

KPMG planla oppstart i februar/mars, datasainnsamling og gjennomføring fram til ut juni og rapportering innan september (veke 37). Utvalet skulle då hatt rapporten til fyrste møtet i haust (og siste med noverande utval) 8. september. Rapporten var tenkt lagd fram for kommunestyret 12. oktober (ordinært møte med »gammelt» kommunestyre). Det konstituerande møtet er sett til 26. oktober.

Pågående arbeid og varslingssak

Då KPMG, etter å ha hatt intervjuar med ulike sakshandsamarar i løpet av våren og som følgje av den pågående varslingssaka mot kommunalsjef og rådmann, tok dei kontakt med sekretariatet då dei fann trong til å få ei avklaring om den vidare framdrift av prosjektet. I følgje revisorpraksis kan det vere problematisk å revidere under en pågående varslingssak.

Forvaltningsrevisorane Ole Willy Fundingsrud og Lena Davik Fjørtoft, utvalsleiar Håkon J. Skimmeland og sekretær/dagleg leiar Toril Hallsjø hadde videokonferanse 08.06.15 mellom kl 13.00 og kl 14.00 om aktuelle situasjon.

I følgje tidligare mediaoppslag har kommunalsjef oppvekst og kultur sagt opp si stilling og rådmannen har innan fastsett frist sendt svar på Arbeidstilsynet sine pålegg etter tilsynsbesøk den 17.12.14. Kommunestyret vil få orientering om varslingssaka mot rådmannen i møtet 15.06.15 i sak 38/15 – referat og medingar.

Utvalsleiar ga i møtet med KPMG uttrykk for at han ikkje var stemt for å droppe problemstilingane i punkt 3, men at han meinte at det heller burde bli gjeve ei lengre frist for levering av rapport ved at det gjerast fleire intervju i august, rapportskriving i september og ferdigstilling av rapport til oktober. Revisorane støtta framlegget. Frå deira side var det ønskeleg med frist til medio oktober. Rapporten skal også vere verifisert før oversending til sekretariatet og kontrollutvalet, før oversending til kommunestyret, så det vil her vere knappe frister for alle dei involverte.


Utvaleiar ønskte at saka om utsett framdriftsplan blei lagd fram for utvalet i juni. Neste og siste møte er avtalt til 8. september. Han meinte det kunne vere aktuelt å ha eit ekstra møte i oktober for å få saka fram til kommunestyret 12. oktober. Etter møteplan er dei neste datoane 2. november og 14. desember for «nytt» kommunestyre, medan »nytt» kontrollutval skal ha fyrste møte 24. november.

**SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:**

Sveio kontrollutval godkjenner ny framdriftsplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sakshandsaming, service og haldningar i Sveio kommune» i tråd med nytt framlegg til ny ferdigstilling innan utgangen av september 2015.

Utvalet forutset ingen endring av tidligare fastsett ramme.

Aksdal,09.06.15




Toril Hallsjø  
*Daglig leiar/utvalssekretær*

## Prosjektplan for forvaltningsrevisjon

### "Sakshandsaming, service og haldningar i Sveio kommune"

Sveio kommune, 11. februar 2015.



# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>1</b>
1.1	Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt	1
1.2	Bakgrunn	1
1.3	Førebuingar	1
<b>2</b>	<b>Føremål, problemstillingar og kriteria</b>	<b>4</b>
2.1	Føremål	4
2.2	Problemstillingar	4
2.3	Avgrensingar	4
<b>3</b>	<b>Revisjonskriteria</b>	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>Tilnærming</b>	<b>6</b>
4.1	Metode	6
4.2	Aktivitets- og framdriftsplan	U. off. off. spesi.
<b>5</b>	<b>Utførande revisorar</b>	<b>Ole Willy Fundingsrud og henni Danik Fjørtoft.</b>
<b>6</b>	<b>Honorar</b>	<b>(etter avtale)</b>
		<b>10</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Valt forvaltningsrevisjonsprosjekt

I kontrollutvalsmøtet 25.11.2014 bad kontrollutvalet i Sveio kommune KPMG om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt "Sakshandsaming, service og haldning i Sveio kommune". Utkastet vil bli handsama i kontrollutvalsmøte 10.02.2015.

## 1.2 Bakgrunn

Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 vart vedteke i kommunestyret hausten 2012. Sakshandsaming, service og haldning er ikkje eit prioritert tema i planen. I sak KOM-101/12 går det fram at eventuelle oppdateringar og endringar i Plan for forvaltningsrevisjon i planperioden delegerast til kontrollutvalet. Frå retningslinjene for forvaltningsrevisjon (kapittel 3.4) går det mellom anna fram at kontrollutvalet med slik delegert mynde kan sette i verk forvaltningsrevisjonar på andre område enn dei som er inkludert i overordna analyse, t.d. fordi risikotilhøva i kommunen endrast vesentleg.

I sak 31/14 i kontrollutvalet går det fram at eit kontrollutvalsmedlem "*hadde blitt kontakta av folk som ikkje hadde fått svar på brev dei hadde sendt til kommunen eller at det hadde tatt svært lang tid, og meinte dette var det svært viktig å få undersøkt. Leiar viste til at det finnast lovreglar i forvaltningslova om førebels svar. Utvalet vart samd i at dette var eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon, der ein rapport kunne gje grobotn for å gjere kommunen betre. Det blei peika på stort press på enkelte sakshandsamarar eller fåkunne kunne vere grunn for lågt servicenivå i liten kommune kontra ein stor kommune. Utvalet drøfta ordlyden på prosjektet og blei samd i «Sakshandsaming, service og haldning i Sveio kommune».*

## 1.3 Førebuinger

### 1.3.1 Gjennomførte aktiviteter i førebuingsfasen

Det er eit mål å etablere ein god prosjektplan, som stiller opp relevante og vesentlege problemstillingar for forvaltningsrevisjonen. Samarbeid og dialog med kontrollutval og kommuneadministrasjonen i førebuinga er viktig for å sikre at det vert tatt utgangspunkt i relevante og vesentlege problemstillingar.

KPMG vart i kontrollutvalsmøte 25.11.2014 bedt om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve. I møtet blei fleire spørsmål trekt fram under kontrollutvalet si drøfting av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette var særleg spørsmål rundt korleis kommunen tek i mot, handsamer og følger opp førespurnadar frå innbyggjarane, og kva system, rutinar og arbeidsdeling som her finnast – og om desse er effektive. Finnast det til dømes rutinar for å sende ut bekreftelse, og bestemte tidsfristar for tilbakemelding? Kontrollutvalet stilte og spørsmål om korleis haldningane knytt til sakshandsaming av førespurnadar frå innbyggjarane er, og om det er naudsynt kunnskap hos tilsette om gjeldande lover og reglar knytt til sakshandsaming.

Som ledd i førebuingane av prosjektet har KPMG gjennomført fylgjande aktivitetar:

- Samtale med høvesvis rådmann, kommunalsjef IKT og utvikling og konstituerande leiar for offentleg servicekontor i Sveio kommune. Føremålet har vore å få innspel knytt til organisering, utfordringar og relevante einingar som driv sakshandsaming med kontakt overfor innbyggjarar.
- Innsamling og gjennomgang av dokumentasjon frå kommunen: Årsmelding 2013, kommuneplan 2011-2013 – strategisk samfunnsdel, og diverse informasjon frå nettsida til kommunen.

Under følgjer ei kortfatta skildring av overordna målsettingar i Sveio kommune, sentrale einingar og utfordringar, knytt til serviceyting og handsaming av førespurnadar frå innbyggjarar. Skildringa er basert på dokumentasjon og samtalar som forvaltningsrevisor har gjennomført i samband med arbeidet med prosjektplan. Skildringa gir ikkje eit uttørmande bilet av kommunen sitt arbeid på dette området og den er ikkje verifisert av kommunen. Skildringa gir soleis eit førebels bilet.

### 1.3.2 Overordna målsettingar i Sveio kommune

**Sveio kommune si overordna målsetting** er at samfunnssoppdraget skal gjennomførast i samsvar med politiske mål. Sveio kommune er ein lærande organisasjon som sett innbyggjaren i sentrum. Vidare beskriv målsettinga at i Sveio kommune "*leverer me tenester av god kvalitet. Kommunen skal gje eit differensiert og tilpassa tenestetilbod i tråd med sentrale overordna føringer*", og her "*arbeider alle tilsette for at Sveio kommune er ein god servicekommune*".

I Kommuneplan for Sveio 2011-2023 – Strategisk samfunnsdel går det fram at Sveio må tilby kommunale tenester med kvalitet for at Sveio skal vere ein god kommune å bu i. Ei undersøking i 2008 avdekkja at innbyggjarane i hovudsak var nøgde med kvaliteten i tenestene. For å vidareutvikle tenesteproduksjonen i Sveio kommune vart det satt opp ei rekke delmål som organisasjonen skal arbeide mot. I blant desse er dei to første delmåla følgjande:

- Alle tilsette skal arbeide for at Sveio blir den beste servicekommunen i Noreg innan 2014.
- Alle tilsette skal sette brukaren i sentrum. Kommunen skal gje eit differensiert og tilpassa tenestetilbod, i tråd med sentrale overordna føringer.

Frå Årsrapport 2013 går det fram at Sveio kommune har hatt økonomiske utfordringar som følgje av kombinasjon av sterkt folkeauke og implementering av statlege reformer. Rådmannen seier i rapporten at sjølv om det er nødvendig å følgje den økonomiske utviklinga tett og evt. sette i verk naudsynt tiltak, vil ein kunne tilby kvalitativt gode og forsvarlege tenester også framover.

### 1.3.3 Sentrale tenesteområder for serviceyting og sakshandsaming med kontakt overfor innbyggjarar i Sveio kommune

**Offentleg servicekontor** er ei støtteeinining som inngår i rammeområdet sentraladministrasjon. Kommunalsjef for IKT og utvikling har det overordna ansvaret for offentleg servicekontor, i tillegg til IKT og teknisk område. Servicekontoret står av 6 stillingar, inkludert konstituerande leiar fram til ny leiar kjem på plass. Frå offentleg servicekontor får innbyggjarane og andre brukarar tilgang til ei rekke kommunale tenestetilbod samla på ein stad. Servicekontoret gir informasjon og rettleiing og har mellom anna ansvar for resepsjon og sentralbord, handtering av all inn- og utgående post, saksarkiv, og nettstaden til kommunen.

Servicekontoret har mål om å sette brukaren i sentrum, og skal gi brukaren raske svar og gode tenester. Det opplystast at 60 % av leiarstillinga går til sekretæreroppgåver i politisk arbeid og at kontoret har ansvar for valet. Kontoret består elles av sentralbordet, to stasjoner retta ut mot publikum, ein stasjon for inngående post og journalføring, og ein fleksibel stasjon som nyttast der behovet til ein kvar tid er størst. All post går via websak og det går mykje tid med til journalføring. Frå samtalene går det fram at kontoret har hatt ei rulleringsordning mellom stasjonane sidan 2002 for å redusere sårbarheit knytt til dei ulike tenestene til servicekontoret, noko det er god erfaring med.

Frå nettsida går det fram ulike elektronisk skjema, inkludert eit for generelle førespurnadar til kommunen. Offentleg servicekontor kan og kontaktas i forbindelse med søknadsprosessar til ulike tenestetilbod. Til dømes har kommunen eit elektronisk samordna opptak til barnehagar, og av publisert informasjon om opptaket går det fram at offentleg servicekontor har ansvar for at søkjeprosessen fungerer godt, både i forhold til hovudopptaket, men og elles i året.

Servicekontoret handsamar sjølvé sakar knytt til parkeringsløyver, transportkupongar, startlån, bustøtte (husbank), skjenkeløyver, sal av kommunale tomter og fritak for kommunale avgifter. Desse behandlast fortløypande. Elles journalførast sakane kun hos servicekontoret og/eller går vidare frå postmottak til andre einingar for handsaming.

Innan **helse og omsorg** handsamar ein alle søknadar om pleie- og omsorgstenester, samt all kontakt ut mot klientar. I 2014 blei det oppretta eit eige tenestekontor innanfor dette rammeområdet. Det vert nyitta eit eige journalsystem som er heilt skilt frå den journalføringa som elles vert utført av offentlig servicekontor i systemet Websak. Ifølgje rådmann har det vore gjort tilsyn og det er ikkje erfaringar med nokon spesielle utfordringar på området.

Innan rammeområdet **oppvekst og kultur** handsamast til dømes søknadar knytt til barnehageplass, redusert betaling til barnehage, og tidlegare/utsett skulestart, og søknad om kulturmiddlar. Det opplyssast om at det nyleg skal vere haldt kurs om forvaltningsregelverk for tilsette innanfor skulesektoren. Eit eige skule- og barnehagekontor inngår i stab/støtte i kommunen sitt organisasjonskart. Det er innført elektronisk søknad om barnehageplass, kor også dei enkelte barnehagar er involverte ved tildelinga.

**Plan og næring** er ei resultateining som er del av rammeområdet teknisk/næring. Av sentrale arbeidsoppgåver knytt til avdelinga inngår mellom anna planlegging, delingssaker, eigedomsdeling, byggesaker, registerføring, konsesjonar, utsleppsløyve og dispensasjonar. Ifølgje årsrapport 2013 har byggjeaktiviteten dei siste åra medført vekst, med til dømes 81 registrerte nybygg i 2013. Det er og 1536 fritidsbustadar i kommunen og stadig utbygging av hyttefelt og nye bustadområde.

Frå årsrapporten og samtalar i forberedingsfasen, går det fram at eit stort volum av sakshandsaming overfor innbyggjarar ligg innan plan og næring, då særleg innan byggesak, miljø og landbruk (t.d. utsleppsløyver). Sakshandsamingstida innanfor byggesak, plansaker og delingssaker ligg godt under landsgjennomsnittet og det opplyssast om god responstid. Innan kartforretning og oppmålinger har det vore utfordringar med etterslep på sakar, men ein har klart å løysa mange eldre delingssaker ved å setje av ekstra ressursar.

**Lønn og personal** er organisert direkte under rådmann og handterer alle søknadar knytt til tilsettingar.

I Årsrapport 2013 var det for servicekontoret satt opp som ei utfordring for 2014 å til ei kvar tid kunne utføre kvalitetsmessig gode tenester. Andre utfordringar er å implementera fullelektronisk dokumentbehandling i til dømes skule/barnehage-, byggesak-, personalarkiv, og å vidareutvikle nettstaden ved bruk av elektroniske verktøy i fleire tenesteområde.

Kommuneleiinga opplyser i samtalar at kommunen i den komande tida ønskjer å vurdere og legge ein strategi for å oppgradere til nye nettsider, som vurderast å ikkje vere gode nok i dag. Det er ønskje om å forbetre elektroniske løysingar som gjer informasjon og söking lettare og meir tilgjengelig ut mot innbyggjarane.

# **2 Føremål, problemstillingar og kriteria**

## **2.1 Føremål**

Forvaltningsrevisjonen skal sjå nærmare på sakshandsaming, service og haldning i Sveio kommune, knytt til førespurnadar frå kommunen sine innbyggjarar. Føremålet er å evaluere korleis og i kva grad kommunen sikrar:

- eit høgt servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar
- effektiv sakshandsaming i tråd med lovkrav

Det er og eit føremål at forvaltningsrevisjonen skal gje tilrådingar om forbetingstiltak, dersom det blir identifisert forbettingspunkt.

## **2.2 Problemstillingar**

På bakgrunn av føremålet vert følgande problemstillingar føreslått for forvaltningsrevisjonen:

1. Kva målsettingar/føringar har kommunen etablert for å sikre ynska servicenivå overfor kommunen sine innbyggjarar?
2. I kva grad følgast målsettingane/føringane systematisk opp av leiinga?  
Herunder til dømes sjå på
  - om/korleis kommunen arbeider med å bygge gode servicehaldningar
  - om/korleis kommunen sikrar at tilsette har tilstrekkeleg kunnskap til å ivareta gjeldande lover og reglar for sakshandsaming
  - om det gjerast målingar av servicenivå
3. Hos sakshandsamarar i kommunen, kva er opplevde utfordringar i forhold til å yte ønska servicenivå ved handsaming av førespurnadar?
  - a. Kor og i kva form ligg det føre utfordringar?
  - b. Kva er eventuelle årsaker til utfordringane?
4. I kva grad vert lovpålagte tidsfristar knytt til sakshandsaming etterlevd?

## **2.3 Avgrensingar**

Service og effektiv sakshandsaming famnar vidt og grip inn i mange tenesteområder til ein kommune. KPMG foreslår at forvaltningsrevisjonen går inn i einingar med stort volum av innbyggjarkontakt / der sakshandsaming utgjer ein vesentleg del av arbeidet.

Problemstilling 4 er avgrensa til å vurdere handsaming av førespurnadar frå innbyggjarar som gjeld enkeltvedtak regulert av forvaltningsloven. Her vil vi avgrense til å sjå på sektorane teknisk og oppvekst.

### 3 Revisjonskriteria

Til problemstillingane vert det oppstilt revisjonskriteria. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som tilstand og/eller praksis i kommune vert målt mot. Revisjonskriteria må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Ved val av revisjonskriteria vert det tatt utgangspunkt i oppstilte problemstillingar.

Aktuelle kjelder til å uteleie revisjonskriteria er:

- Forvaltningsloven - særleg, men ikkje avgrensa til Alminnelige regler om sakhandsaming § 11 a.(saksbehandlingstid, foreløpig svar).
  - *Forvaltningsorganet skal forberede og avgjøre saken uten ugrunnet opphold. Dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før en henvendelse kan besvares, skal det forvaltningsorganet som mottok henvendelsen, snarest mulig gi et foreløpig svar. I svaret skal det gjøres rede for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og så vidt mulig angis når svar kan ventes. Foreløpig svar kan unnlates dersom det må anses som åpenbart unødvendig.*
  - I saker som gjelder enkeltvedtak, skal det gis foreløpig svar etter annet ledd dersom en henvendelse ikke kan besvares i løpet av en måned etter at den er mottatt.*
- Eventuelle kommunale planar, vedtak og føringar knytt til sakshandsaminstid og service overfor kommunens innbyggjarar.
- God praksis for internkontroll. Vi vil her bygge på KS sine tilrådingar, "rådmannens internkontroll, 2013, samt det anerkjente COSO<sup>1</sup> rammeverket for internkontroll.

<sup>1</sup> COSO er ei forkorting for The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission, ei arbeidsgruppe av fem organisasjoner som har engasjert seg i å strukturere korleis organisasjonar kan etablere eigna effektive styrings- og kontrollstrukturar. Dei fem organisasjonane er American Institute of Certified Public Accountants, American Accounting Association, The Institute of Internal Auditors, Institute of Management Accountants og Financial Executives Institute. I 1992 publiserte COSO rammeverket *Intern kontroll – et integrert rammeverk*. Rammeverket er oppdatert av 2013 og er i dag truleg fortsatt det mest internasjonalt aksepterte utgangspunktet for utvikling av intern styring og kontroll.

# **4 Tilnærming**

## **4.1 Metode**

Det vil bli samla inn dokumentasjon frå kommunen som vil bli nøyde gjennomgått og analysert opp mot revisjonskriteria. Det vil deretter bli gjennomført intervju med leiarar og tilsette i kommunen, med vekt på tilsette som gjennomfører sakshandsaming og annan servicekontakt overfor innbyggjarar. Val av intervjuobjekt vert avtalt nærmare med kommunen.

Ved gjennomføring av intervjuet vil det bli utarbeida intervjuguidar. Frå kvart intervju vil det bli skrive referat som vert sendt respondentan(e) til verifisering (gjennomlesing og evt korrigering).

For problemstillinga som gjeld etterleving av tidsfristar vil det gjerast ei testing basert på eit tilfeldig utval av saker.

Svar frå respondentar og resultat frå testinga vil bli samanstilt med anna dokumentasjonen, som deretter vil bli vurdert opp i mot revisjonskriteria.

## **4.2 Aktivitets- og framdriftsplan**

Figuren under viser forslag til aktivitets- og framdriftsplan. KPMG ber om at vår aktivitets- og framdriftsplan vert unntakse offentlegheit, då den syner KPMG si disponering av ressursar.